

Årsmelding for Hatlestrand sokn 2020 – Planlagt årsmøte 7.mars 2021 – utsett til hausten 2021

Medlemmer Hatlestrand sokneråd:

Lillian Eikeland	leiar og kasserar
Solgunn Lyhammer Ask	nestleiar, kontakt trusopplæringa og vara til Fellesrådet
Elise Marie Stava Vangdal	skrivar
Dagny Ljostveit	varamedlemmer
Tone Boland Johansen	representant i Fellesrådet
Olav Stølen	varamedlem
Jarle Jacobsen	varamedlem
Olaug Marie Hjortås	varamedlem
Ole Bjørn Stokke	varamedlem
Kjersti Brakestad Boge	sokneprest

Oversikt over gudstenester og aktivitet i kyrkja dette spesielle året

Året 2020 vart heilt annleis enn nokon kunne tru, så mykje av aktivitetane som vanlegvis vert arrangert av soknerådet har blitt avlyst. Det har ikkje vore dugnad på kyrkjegarden, men det har vore småbarnsong våren 2020. Konfirmantfestar og jubileum er ikkje gjennomført. Alt som er gjort og ikkje gjort, og måten det er håndtert på, er gjort etter gjeldande smittevernreglar på gitt tidspunkt. Me synest at det som er gjennomført, er gjort på ein god måte mht smittevern.

Soknerådsmøter – det er gjennomført 5 møter:

14.01.20 - Hatlestrand kyrkje - kyrkjetårnet.

02.04.20 - Felles soknerådsmøte med Ølve i Ølve – avlyst grunna covid-19.

09.06.20 - Felles soknerådsmøte med Ølve i Hatlestrand kyrkje.

18.08.20 - Felles soknerådsmøte med Ølve utenfor kyrkja i Hatlestrand.

13.10.20 - Hatlestrand kyrkje - kyrkjetårnet, presten er i karantene, men ho er med på telefon.

24.11.20 - Hatlestrand kyrkje – nede i kyrkja slik at vi kunne halde avstand. Var planlagt fellesmøte med Ølve, men pga covid – 19, valde me å ha eige møte.

Dato	Planlagde gudstenester og aktiviteter
02.02.20	Årsmøte – offer til konfirmantarbeidet kr 1675,-
16.02.20	Konfirmantane sitt salmeslag. Dette vart avlyst på kort varsel grunna uver og ferja var innstilt.
13.03.-15.03.20	Konfirmantleir på Utsikten. Denne vart avlyst grunna covid – 19.
31.03.20	Fasteaksjonen kl. 17.00-19.00. Avlyst – covid -19. Digital innsamling organisert av kyrkjekontoret.
29.03.20	Familiegudsteneste kl. 17.00. Tema: superheltgudsteneste/faste - avlyst grunna covid-19.
03.03.20	Skulegudsteneste - avlyst grunna covid-19.
12.04.20	1.påskedag kl.17:00. Open kyrkje i Hatlestrand kyrkje. Det var salmesong og lystenning.
19.04.20	Planlagt samtalegudsteneste – avlyst grunna covid-19.
17.05.20	Avlyst gudsteneste, men ringing med kykjeklokkene kl 11:45, her vart gjort ein feil. Ringinga skulle vere kl 12:45.
14.06.20	Første gudsteneste etter coronanedstenginga.
18.06.20	Nattverdsgudsteneste – offer til Frelsesarmeen – kr 0
19.07.20	Dåpsgudsteneste – offer til kyrkjelydsarbeidet kr 689,50
18.08.20	Enkel dåpsgudsteneste - takkoffer 98,50
13.09.20	To konfirmasjonsgudstenester - offer til konfirmantarbeidet kr 1083,50
14.09.20	Familiegudsteneste – trusopplærar Kristine Hestad var med – offer til trusopplæringa kr 0. Det vart servert kveldsmat.
26.09.20	Konfirmantsykkeltur frå Ølve til Varaldsøy. Sokneråda serverer mat ved dei ulike kyrkjene. Hatlestrand sokneråd serverer saft på Tveitane og pizzabollar ved kyrkja, før konfirmantane syklar til ferjekaien.
14.11.20	Planlagt Lysvåken for 10 og 11-åringane som er i samme kohort på Hatlestrand skule. Kommuneoverlegen gav grønt lys for det. Dette vart avlyst pga sjukdom hos trusopplærar som skulle vere med.
15.11.20	Lysvåkengudsteneste – avlyst frå kyrkjekontoret etter beskjed frå kommuneoverlegen– covid-19

- 29.11.20 Lysmesse med påmelding til kyrkjekontoret – offer 98,50 kr til Kirkens Bymisjon. [Kunne ikkje ha kyrkjekaffi som planlagt pga covid-19.](#)
- 24.12.20 Julaften påmelding til kyrkjekontoret – offer til Frelsesarmeen – kr 1723,75. Ei annleis gudsteneste utan salmesong etter gjeldande smitteverntreglar. Rebekka Attramardal deltok med solosong frå galleriet. Det vart ei fin gudsteneste, og ei spesiell fin stemning då me song, *Deilig er jorden*, utanfor kyrkja etter gudstenesta.
- 26.12.20 2.juledagsgudsteneste med kyrkjekaffi og offer til Steffaniusalliansen – kr 305,35. Siste gudsteneste med organist Reidar Algerøy, han fekk ei gåve frå soknerådet og gode ønsker for pensjonisttilværelsen.

Det har vore utfordringar og feil på brannvarslingssystemet som har gjort at brannvesenet har rykka ut to gonger medan vi var i kyrkja, men heldigvis etter gudstenestene var ferdige. Ved å ringe nødnummeret 110, har vi fått stoppa utrykninga to gonger. Det er no kobla ut ei sone bak i kyrkja slik at brannalarmen ikkje går når vi opnar kyrkjedøra inn til kyrkjerommet.

Takkofferet har blitt noko redusert sidan me ikkje får ta inn kontantar. Det er blitt påpeika at ein under kunngjeringa må gje tid til å vippse, og plakat med vippsnummer heng framme i kyrkja. Me håpar at desse tiltaka vil gjere at fleire ser gleder ved å kunne gi takkoffer.

Lillian Eikeland

soknerådsleiar